

## HØYRINGSINNSPEL

<b>Sak</b>	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> Innsending etter 01.01.17: <a href="mailto:post@hvl.no">post@hvl.no</a>
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.  Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
<b>Kapittel 4</b>	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.  Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1? b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
<b>Kapittel 5</b>	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

<b>Kapittel 6</b>	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
<b>Ansvarlig</b>	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
<b>Utsending</b>	Programsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovudprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon Personaltenester Nærregion Stord/Haugesund
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Seksjonsmøte 6.1.2017 og kort oppfølgingsmøte 11.1.2017. Samråd med seksjonsleiarar mfl.
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>På dette stadiet i prosjektet ser vi ikkje behov for ei meir detaljert opplisting av oppgåver. Vi er meir opptekne av overordna vurderingar og erfaringar frå andre organisasjonar som bør synleggjerast og drøftast i den vidare prosessen fram mot styrevedtak om organisering.</p> <p>Institusjonsperspektivet vert vurdert som spesielt viktig i dei første åra etter fusjon av tre høgskular. Institusjonen HVL skal byggjast og framstå som attraktiv for studentar, tilsette og andre interessentar.</p> <p>Av dei to relativt like hybridmodellane i leveranse 2 frå delprosjektet, peikar modell 1 seg ut som den mest interessante i eit institusjonsperspektiv. Samstundes må HVL ha fokus på administrativ støtte til kjerneverksemda basert på behov i nærregionane. På bakgrunn av leveranse 1 (ikkje sendt på høyring) etterlyser vi ei oppsummering av styret si drøfting av vegval for vidare arbeid og val av organisasjonsmodellar. Vi vil tilrå ei betre forankring i HVL-styret før saka vert lagt fram for vedtak.</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Omsyn til likebehandling og gjennomgåande god kvalitet på dei administrative tenestene talar etter vår vurdering for val av modell 1. Dei første åra etter fusjonen vert det viktig å utvikla og implementera felles administrative retningslinjer, rutinar og standardar. Ei meir fakultetsvis organisering kan medføra at det ikkje vert einsarta praksis på tvers av fakulteta, og ulik behandling av tilsette og studentar.</p>

	<p>Fusjonen byggjer i stor grad på den auka styrken ein oppnår ved etablering av større og meir kompetente fagmiljø. Vi legg til grunn at dette også vil gjelda for administrative fagmiljø, og at HVL vil oppnå synergier gjennom samarbeid i større fagmiljø. Vi meiner at HVL på denne måten vil bli ein meir attraktiv arbeidsgivar.</p> <p>Vi ønskjer ei samla organisering av administrative støttfunksjonar innan HR på institusjonsnivå med styringsliner til nærregionar/studiestader. Oppgåvene på fakultetsnivå vil såleis bli utført av dedikerte personar i nærregionane, som formelt rapporterer til personalansvarleg leiar på institusjonsnivå. Administrativt tilsette vert på denne måten del av større og meir robuste fagmiljø, som lettare oppnår auka profesjonalisering og styrka kompetanseutvikling. Vi meiner at tydeleg delegasjon av oppgåver og klare fullmakter vert viktig for å sikra god effektivitet og administrativ støtte til kjerneverksemda på studiestadene.</p>
<p><b>Kap 6</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Det er viktig at dei tilsette og styret får ei vurdering av erfaringar med ulike organisasjonsmodellar i andre kunnskapsorganisasjonar med relevans for HVL. Vi reknar med at prosjektet har tilgang til nyare rapportar og andre aktuelle kjelder. Ei slik skriftleg vurdering bær føreliggja i god tid før styret skal fatta vedtak om administrativ organisering.</p>
<p>Andre merknader</p>	<p>Styrehandsaming av fagleg organisering vart utsett til styremøtet i februar 2017. I samsvar med fusjonsavtalen meiner vi det er viktig å vurdere den administrative organiseringa i lys av fagleg organisering. Vi vil difor tilrå at det vert lagt fram ei førebels sak om administrativ organisering på februarmøtet slik at tillitsvalde og styret får høve til å koma med synspunkt og kritiske spørsmål som kan bli vurdert før endeleg handsaming. Etter at styret har handsama fagleg organisering har ein også eit betre grunnlag for ei heilskapleg vurdering av administrativ organisering.</p>

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

--	--